


INNSPEL TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL FOR BØ



VEDLEGG

- 1: 3 SIDER SKRIFTLEG INNSPEL
- 2: 2 SIDER A3 KART
- 3: 7 SIDER MED UNDERSKRIFTER

Innspel til rullering av kommuneplanens arealdel for området rundt Bø.

I samband med arbeidet med kommunedelplan for Bø som Radøy kommune utarbeidde for nokre år sidan, hadde ein del innbyggjarar i Bø følgande innspel til plankartet som vart utarbeidd den gang. Vi tenkjer desse innspela også er relevante når kommuneplanen for Alver no skal reviderast. Innspela rettar seg i stor grad mot plankartet som var laga den gang og vi legg ved plankartet som vart utarbeidd som forklaring til innspela under. Det er og eit plankart som viser dei endringar som er ynskjeleg.

- På generelt grunnlag vil vi sei at det er viktig for Bøbygda at det vert lagt til rette med rikeleg utbyggingsareal for bustader.
- Det er ikkje lagt opp til nye eller utviding av felles småbåtanlegg. Dei nye areala som er lagt ut vil berre gagna dei eksisterande nausteigarane. Kapasiteten i småbåthavna i Bø er allereie sprengt, og det er stort behov for auka kapasitet dersom bygda skal vekse.
- Kva tankar gjer kommunen seg vedr. naturområda som er lagt inn i planen med tanke på vedlikehald osv. Særleg virkar NA11 malplassert, midt i sentrum. Sjå eiga utgreiing vedr. sentrumsføremåla.
- Er det vurdert å utvide nokre av dei eksisterande bustadfelt? B10 burde vore forlenga heilt til B08. B17 burde vore utvida mot aust. B12 er kraftig innsnevra i forhold til kommuneplanen. Her er konkrete planar på frådelte tomtar som no må leggest død.
- Område o_SKB01 bør utvidast mot nord. Det bør og gjerast ei ytterlegare vurdering av trafikksituasjonen for området. Løysningar via Nordbøvegen slik den ligg i dag er uheldig for området. Ved ei utviding av planområdet kunne løysningar for skule/barnehagesituasjonen vore diskutert. Ei samlokalisering mellom idrettsanlegg og skule kunne mellom anna vorte utgreia.
- Kvifor er det ikkje opna for nye frådelingar eller bustader i LNF_SB? Dersom det ikkje opnast for dette, må det leggest til rette for fleire/utvidingar av eksisterande bustadfelt.
- Areal for omlegging av fylkesveg som føreslege i områdeplan Bø skule og barnehage m.fl. må også ivaretakast i kommunedelplanen.
- Det bør leggest inn areal for parkering for kyrkja på austsida av fylkesvegen mot Bøtjørna. I samband med dette kan ein og realisere ei flytebryggje for utsetjing av kano, fiske og tilsvarande. Pr. no er Bøtjørna utilgjengeleg for slik bruk der gjerne turistar ferdast.
- f_SB03 må utvidast slik at eksisterande bølgedempar vert innlemma i føremålet, slik den er i reguleringsplanen for Leitevågen.
- BYA for området bør aukast frå 25% til 35% på generelt grunnlag for alle eksisterande og nye einebolig tomtar. For to eller fleirmannsbustader bør det aukast til 40-45% som feks det er i byggefeltet på Seilfaldet på Manger.

- Høgspenlinja gjennom B16 og B17 må også flyttast eller leggjast i kabel for å gje plass til fleire bustader. Dette vart tatt opp i samband med høgspenlinja som blei bygd mellom Kuvågen og Straume. Både NVE og Radøy Kommune var samd i at BKK skulle gjer avbøtande tiltak med å fjerne linja gjennom byggefeltet og legge denne i kabel.
- Kva med vegen frå Hauglandskrysset til Gradnatun? Eller aller helst, og som også burde vert gjennomtenkt, -vegen frå Marøy krysset til Hordabø Idrettspark. Blir denne vegen tatt vare på gjennom eigen reguleringsplan av Radøy Kommune, der kommunen tar utgiftene med regulering og utbetring? Dersom ikkje kan dette medføre liten eller ingen utvikling av kommunedelplanen for Bøvågen.
- VA vil også være eit punkt som må takast hensyn til. Per i dag så har vi for liten kapasitet med tanke på dimensjonering av leidningsnett til at nye byggefelt, eksisterande industri, Hordabøheimen med sin virksomheit og det nye industri området ved GT Lakk får tilfredsstillande tilførsel av vatn for å kunne dekke behova og brannkrava som er stilt for industri og næring. *Radøy kommune må sette av pengar i investeringsbudsjettet for å tekke dette og vegutbetring i området.*
- I kommunens vidare arbeid med planen har vi eit ønskje om at kommunen innvolverar grunneigarar, utviklarar, ungdommar, lag og organisasjonar, slik det blei gjort då Sentrumsplanen for Manger blei utarbeida.

Innspel til Sentrumsføremål i Bøvågen.

- Planforslaget legg opp til ei etablering av sentrum frå Bunnpris og nordover mot N03. I dag er områdene F01 og N01 dei naturlege sentrumsområda i Bø. Desse areala bør og regulerast til sentrumsføremål.
- Ein del av sentrumsføremålene ein har lagt inn består i dag av fleire teigar med ulike eigarar. Dette vil gjere det vanskeleg å byggje ut. Særleg framstår SE05 som eit område det vert vanskeleg å byggje ut.
- For å gjere sentrumsområdet i Bø attraktivt bør ein i større grad forlenge dette arealet ut langs Nordbøsida av vågen, sjå vedlagte kart.
- B07 bør leggjast inn i gjennomføringssona for sentrum vedr. regulering. Dette arealet er prega av mykje frådelingar på dispensasjonar, og bør underleggjast regulering. Delar av det regulerte bustadområdet i reguleringsplanen for Nordbø er også fjerna. Dette bør inn att i planen.
- Område NA11 bør og leggast som sentrumsføremål for å hindre at arealet vert liggjande brakk. Her kan heller føresegnar sette krav til opparbeiding av delar av arealet til parkareal.
- Kommunedelplanen for Bøvågen legg opp til at reguleringsplan for Leitevågen skal vidareførast. Denne er ikkje meldt at skal opphevast. Korleis ser kommunen for seg forholdet mellom desse planane. Det er føremål og byggjegransar som er motstridande i dei ulike planane, slik at dette vert problematisk. Byggjegransar mot sjø og utfylling

av i sjø innerst i vika er mellom anna tema som ikkje samsvarer. Vidare ligg det konkrete planar for utbygging etter reguleringsplanen for Leitevågen. Vil ei slik utbygging fremdeles utløyse krav om felles regulering for heile senterområdet? Bør ikkje dette området utelatast frå gjennomføringssona dersom reguleringsplanen framleis skal gjelde?

- Korleis er trafikksituasjonen for fylkesveg og frå kryss ved Bunnpris og nedover gjennom sentrumsområdet tenkt løyst? Det er nemnt med ei linje i planskildringa at det er ynskjeleg med at dette skal utformast som miljøgate. Dette var meir omtala i førsteutkastet til områdeplanen. Skal planlegging og gjennomføring av dette no overlatast til private utbyggjarar, eller har kommunen planar for gjennomføring av dette? Dersom første private utbyggjarar skal bekoste dette i samband utbygging av sentrumsområda, risikerer ein at det ikkje vil stimulere til utvikling, men snarare hindrar utvikling.
- Bør ein i plankart og tekst legge ei avgrensing utstrekninga for miljøgata? Er det avsett nok areal til veg for at ei miljøgate kan anleggjast?
- I sentrumsområdet bør også grunneigarar og utviklarar være med og utforme planen.

Med vennleg helsing

Innbyggjarar med hjarte i Bøvågen